

Fantastiske bilde av CheerCamp-instruktørane.

17.07.2017



Høgtsvande i solnedgang.

I starten av skuleferien var dei 4 ungdomane Alexander Soliman, Stian L. Helle, Nicole Ims og Christer Haga i Uskedalen og arrangerte ein særdeles vellukka CheerCamp for 24 unge. Ein av kveldane var dei 4 instruktørane med den dyktige fotografen Lars Martin Teigen på Dønhaug. Resultatet vart ein heilt fantastisk biletserie.

Her ser vi høgtsvevande toppidrettsutøvarar innramma i nydeleg natur. Dei starta ei stund før solnedgang, og fekk også med seg den flotte solnedgangen denne kvelden. Heldigvis var det fint ver.

De kan sjå den flotte bildeserien ved å klikka inn på bloggen til Lars Martin, <http://www.teigen.be/blogg/?p=12239>

Vi er svært takksame for at Lars Martin Teigen deler både desse og andre flotte bilde med oss på bloggen sin.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Lars Martin Teigen